

Ola Birkeland

Birkeland skule



Skulehuset vart bygd i 1894 og flytta til nåværende stad i 1903

Då skuleloven av 1860 fastsette at alle kommunar måtte byggja fastskular, er det forståeleg at lokaliseringsspørsmålet ville bli diskusjonstema og opphav til mykje usemje. Seinste plasseringsstriden i Øvrabygda som sette sinna i kok, galdt Ivesdal kapell. Då veit ein at fleire i Nordgardane blei så skuffa at dei nekta å gjera dugnadsarbeid. Dei ville hatt bygget på Asheim. Plasseringa kan til og med ha vore ein medverkande årsak til at somme melde seg ut or kyrkja.

Då fastskulen skulle byggjast, har det temmeleg sikkert vore ein ny strid om plasseringa. Utfordringa i Nordgardane var at hovudkrinsen er temmeleg konsentrert. Men dei tre bruka på Stølen og Foss hadde over to km i det minste ned til hovudkrinsen. I tillegg renn Stølsåna ved sida av vegen. Som vi skal høyra seinare, kunne det gå på livet laust når sjuåringar var på skulevegen åleine. Ikkje før 1894 blei skulehuset bygt i Moseberghagen på bruk 1 på Birkeland. Då fekk dei Fuglestad ca halvannan km skuleveg. Dei på Foss derimot bortimot fire. Ni år etter blei skulehuset rive ned og flytta ein km aust til Groben på bruk 2. Der var næraste nabo Svale Groben (Birkeland) som budde eit steinkast ifrå.

Bygningen blei renoverert først på femtitalet og var i god stand. I tillegg til skulestova var det ein gang og eit utstysrom. Opp på loftet kom ein ved hjelp av stige. Der vart sløydmaterialen lagra. Kjellaren var krypekjellar og kunne og brukast som simplare lagerplass. Verre var det med vatn. Før krigen blei det lagt inn vatn frå ei oppkome. Fallet var dårleg og røyrane rusta til. Underteikna som begynte på skulen i 1954, kan minnast at det så vidt var litt sirl i springen. Det hadde ingen praktisk betydning. Vatnet måtte hentast i bekken.

Uthuset stod vest for skulehuset. Størsteparten av bygget blei brukt som vedhus. I tillegg var der pissoar, gutte- og jentedo. Elektrisk lys vart lagt inn rett før krigen då verket i Stølsåna stod ferdig i 1938/39. Men huset blei varma opp av ein høg etasjeomn (Ulefos no.69, Model 1777). Ved sterk fyring blei ein metallskjerm skuva framfor så ikkje dei som sat nærast skulle bli steikte.

Frå gamalt stod huset ved vegen til Stølen. Etter krigen blei vegen lagt om. Då kom huset i

bakevja. Då bil-alderen kom, blei huset endå meir utilgjengeleg. Ingen brukbare parkeringsplassar og den bratte bakken ned frå hovudtunet, Bekkjagådå, har aldri gjort det lett å kjøra til skulen. Organiseringa var todelt. Småskulen (1. 2. og 3. klasse) gjekk tysdag, torsdag og laurdag. Storskulen dei andre dagane. Elevtalet veksla på naturleg vis. Somme tider få elevar, til andre tider store klassar. Egil Gripsrud fortalte at han ein gong blei spurd av Bendik Birkeland korleis han lika å vera einaste hanen i korga. Han forsto ikkje med det same kva det galdt. Å vera einaste gutten på skulen var for han naturleg. Det var bare slik akkurat då.



Skulekretsen i Nordgardane var fra Fuglestad i vest til Foss i nord.

Lærarar

Ein finn ikkje i kjeldene kven som var dei første lærarane i krinsen. Men i 1902 kom ein lærar som skulle bli svært stabil. Jens Gripsrud (1872-1962) kom frå Idd ved Halden. I 1907 gifta han seg med Ingeborg Jorine (Jorina) frå bruk 1 og skilde ut småbruket "Nygård". Han blei i stillinga til 1937.

Han vart avløyst av Trygve Fuglestad (1902-1982) som vart ved skulen til 1961. Då blei Birkeland krins sentralisert til Vikeså. Og Trygve laut fylgja med. I alle år hadde Trygve tilsyn med kraftstasjonen i Stølsåna. Det kunne bli lange middagsfriminutt i flaumtida om hausten viss Trygve måtte reinska ål or turbinen. Trygve var og jeger, og det fekk stundom konsekvensar for skuledagen. Det hende at skulen stengde når det var sporsnø.

Praktiske fag

Då sløyd og handarbeid kom inn i skulen, blei det av praktiske omsyn samla opp til slutten av skuleåret. Først ei veke. Sidan utvida til to. Lillian Solberg (Skjelbreid) minnest at dei hadde Astrid Vassbø (1899-1993) som lærar og var i skuleromet. Då måtte guttane ha gjort seg ferdige med sin sløyddel. Før Astrid Vassbø var det Hanna Mykjedal som tok turen til krinsen, når handarbeid stod for tur. For eigen del hadde vi sløyd på Birkeland i 4. kl, på Røysland i 5., på Vikeså i 6., og på Birkeland i 7. På fjerde og sjuende klassesteg var Trygve lærar, i femte Vevatne og i sjettede Espedal.

Jørgen Skjæveland var og i ein kortare periode lærar i krinsen. Han fortel at det var einaste

plassen at elevane pynta med blomar på kateteret. Vaktmeisterjobben vart i mange år utført av Anna Hegelstad. Ho hadde ansvar for fyring om morgonen og vask av skuleromet kvar dag. Dei siste åra gjorde Trygve sjølv dette arbeidet.



1. rekke frå venstre: Magnhild Birkeland, Evelyn Foss, Lillian Foss, Eldrid Nedrebø, Arvid Nedrebø, Harald Birkeland, Ansgar Sjursen, Tor Eimund Fuglestad.

2. rekke frå venstre: Lilly Foss, Gjertrud Hegelstad, Lillian Skjelbreid, Aud Nedrebø, Aslaug Sjursen, Kjell Fuglestad, John Sjursen, Ole Foss, Arnulf Fuglestad, Odd Vegard Nedrebø. Foto 1950.

Skulevegen

Som tidlegare omtala kunne skulevegen frå Stølen/Foss vera ein skikkeleg utfordring vinterstid. Nanny Ueland f. Helland fortalde (2007) på skuletreff for Nordgardane om ein vinterdag ho gjekk i første klasse. Det hadde vore snø og rennefok om natta. Midtvegs går vegen i kanten av åa med mange meters fritt fall. Det er ein kjend fonnapplass. Nå dekkja skråfonna heile vegbreidda. Då Nanny skulle krekka seg over, gleid ho, og visste ikkje ordet av før ho låg i vatnet. Koss ho greidde å koma seg opp på vegen att, minstest ho ikkje, men ho kom seg ned til skulen (3/4 km). Der blei ho hjelpt til med tørre klede. Men ho hadde i ettertid mange gonger tenkt på: ”Enn om ho ikkje hadde kome opp. Dei på skulen trudde ho heldt seg heime på grunn av veret. Dei heime ville ikkje sakna henne før mot kvelden.”

Søstera Olga Bjørnemo fortalde til underteikna om si skrekkoppleving. Det hende også då ho gjekk i første klasse. Ho var på veg heim frå skulen og gjekk langs med Stølsvatnet. Heimehusa låg 2-300 meter opp frå vatnet. Plutseleg kom ei ørn flygande og sette på henne. Ho minstest ho lyfta ranselen opp slik at ørna ikkje skulle få klørne i henne. Heldigvis hadde mora stått i vinduet og følgt med. Ho kom springande og fekk skræma ørna.

Sjølv hadde eg så kort skuleveg at eg høyrde ferdig barnetimen viss det var Alf Prøysen eller Torbjørn Egner. Så snart forteljinga var til endes, tansprang eg. Det galdt bare dei tre første åra då eg gjekk i småskulen og ikkje begynte før klokka 9.

Skuleturar

Etter kvart blei det som regel ein skitur om vinteren og ein biltur eller sykletur om sommaren. Skitur til Asheim, Nordåsen, Mydland. Sykletur til Moi-sendaren. Biltur (med lastebilen til Torfinn Fuglestad) til Maudal, Solastranda, Brusand. (Hitlertennene på Brusand gjorde eit uutsletteleg inntrykk på underteikna.)



*Frå venstre: Oddbjørn og Ola Birkeland, Reidar Fuglestad, Oddvar Foss, Noralf Foss, Per Kydland, Arvid Hegelstad, Vilhelm Bue (rett bak Arvid H.), Alfrid Foss, Harald Foss, Tordis Bue, Kjellaug Foss, Ellen Lislegård, Anne Margrethe Olden Nedrebø, Jorunn Bue.
Rett framfor: Trygve og Emma Fuglestad
Neste rekke frå venstre: Helen Lislegård, Karin Fuglestad, Agnar Fuglestad, Gerd Fuglestad (ikkje ansiktet), Tor Sverre Fuglestad. Foto 1958.*

Skuleutveksling

Liv Hovland (Bjordal) fortalde at elevar frå Ørsdalen hadde vore på utveksling til Nordgardane. Bakgrunnen var nok den at Trygve hadde vore lærar i Ørsdalen før han kom til Birkeland og hadde knytta kontaktar. Ho mintest ho hadde vore heime hos Lillian Foss til overnatting. Dette blei nemnt for Lillian på treffet i 2007. Ho mintest det godt.

«Nordlys»

Dette var ei slags klasseavis for sjuendeklassingane. Aktuelt stoff og historiar som blei samla/dikta og redigert og framført på skulens juletefest. Ein av dei minneverdige er følgjande: Då Arvid Hegelstad var liten, var broren Retsius til sjøs. Ein kveld med uvanleg sterk vind meinte

søstrene dei måtte be for Retsisus i dette fæle veret. Då kom det trygt frå Arvid: ”Me treng ikkje be, for han har salonggeværet med seg!” Arvid var svært oppteken av «gevær» på den tida.

Leikar

Aktiviteten endra seg sjølv sagt alt etter kor store klassane var og korleis interessene var for dei eldste. Slå ball var svært populært både i friminutta og egne gymnastikktimar. Læraren var sekretariat og noterte poeng: stikk, slag, hys, sprang. Jepping, slå på munken, takhys, stikkball, tikken var og populært. Viktor Nedrebø minnest og ”Det bagom byslaget”. Det var ein form for tikken, då ein gøymde seg bak bislaget og skulle prøva å tikka dei andre når dei sprang forbi. Når veret var stygt, var det linjegymnastikk inne: ”Hofter fest!”



Første pultrekke frå venstre: Jon Sjursen, Arnulf Fuglestad, Kjell Fuglestad, Tor Eimund Fuglestad, Odd Vegard Nedrebø, Arvid Nedrebø.

Andre pultrekke frå venstre: Ole Foss, Ansgar Sjursen, Lillian Skjelbrei, Aud Nedrebø.

To jenter som står bak: Lilly Foss t.v. og Magnhild Birkeland

Sitter langs veggjen bak: Evelyn Foss, Jartrud Hegelstad, Eldri Nedrebø, Aslaug Sjursen.

Heilt til høgre framme: Harald Birkeland. Heilt bak til venstre: Lærer Trygve Fuglestad. Foto 1950.

Anna bruk av huset

Skulehuset var midpunkt i krinsen som arena for valtinget, møter, basarar, søndagsskule m.a. Dette heldt til ein viss grad fram etter at skulen var sentralisert. Til slutt var det bare søndagsskulen som heldt ut. Det gjorde mykje at det vart slutt med elektrisk tilførsel. På 80-talet måtte uthuset fjernast fordi stormen la ned nokre svære granar. Dei klemde huset flatt. Då var der ikkje toalett lenger. Og som nemnt, vatn hadde vore mangel i lang tid.

Dei siste juletefestane i søndagsskulens regi først på åttitalet nytta bare stearinlys. Det skapte ein eigen nostalgisk stemning. Etter kvart bar bygningen preg av å vera til nedfalls. Ingvar Solberg søkte kommunen om få flytta bygningen og reisa han som ei hytte. Ein avvikla to

krinsmøte på saka. Avrøysting først året etter. Fleirtalet gjekk mot at Ingvar skulle få bygget. Ei interessegruppe blei etablert, ein del renovering blei gjort. Utfordringa er plassering og tilgjenge.

Huset har liten funksjonell relevans slik det står. Det er truleg derfor at einaste bruken i dag er 1. påskedags-treff med eggekoking og drøs.



Eit fint bilde av skulebarna i Birkelandskretsen ein vinterdag i 1948. Me ser skulen i bakgrunnen. Dette er ikkje akkurat eit skulebilete sidan det er teke ein søndag, og det manglar nokre elevar frå Dalen.

*

F.v.: Arnulf Fuglestad, Lilly Foss, Lillian Skjelbreid, Magnhild Birkeland, Aslaug Sjursen, Jartrud Hegelstad, Odd Vegard Nedrebø, Kjell Fuglestad, Aud Nedrebø, Åsa Fuglestad, Astrid Skjelbreid, Judith Helland, Ingfrid Hegelstad.